

## Referat

Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Tysdag 28. februar 2023 kl 19.30

Sakralrommet, Førdehuset

### Møtte:

#### Faste medlemmar:

Svein Inge Bjørkedal, Kirsten J. Friis, Trude Tenold, Siri Brændmo, Leon Årdal, Gerd Nesbø

#### Varamedlemmar:

Åsmund Rakke, Kari Eikås

#### Gjest:

Pål Fidjestøl, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sekretær: Johan Bengtsson

## Referat:

### Saker:

#### 1. Informasjon om mogleg samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane v/ Pål Fidjestøl.

- a) Sparebankstiftinga inviterer Sunnfjord kulturråd til sende 1-2 representantar til å delta i arbeidet med innstilling innom kulturområdet i Sunnfjord kommune

**Vedtak: Styret er positive til ein prøveordning over eitt år. Det bør skje gjennom handsaming i styret, som deretter gir to medlemmar fullmakt til å representere styret. Deretter evaluering av ordninga.**

**b) Inkluderingsmidlar** – Sparebankstiftinga kjem til å lansere ein individuell støtteordning der lag og organisasjoner søker om midlar som kan delast ut til enkeltpersonar frå familiar med lav inntekt som kan brukast til t.d. utstyr, medlemsavgift og turar. Sunnfjord kulturråd kan søke

**Vedtak: Sunnfjord kulturråd informerer sine medlemmer om ordninga og anbefaler deltaking.**

#### 2. Orientering om skuleprosjektet v/ Leon Årdal

Leon og Kirsten har gjennomført skuleprosjekt i fire skular i Sunnfjord hausten 2022 i regi av Sunnfjord kulturråd.

Det var 2. trinn Naustdal, 5. trinn Vassenden, 5.trinn Flatene og 5-7. trinn Viksdalen som deltok. Prosjektet blei avslutta med frivillig samling ved Bornas verdsdag i november i Festsalen i Førdehuset.

Distriktsmusikarane Ole Nilsen og Ingrid Stuhau medverka med Musikk.

Tilskot: Sparebankstiftinga	50.000
Sunnfjord kommune	30.000
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	30.000

Dei ynskjer fortsette prosjektet, gjerne med ungdomstrinnet. Der har dei søkt om fylkesprosjekt. Vestland fylkeskommune har støtta med 30.000 til kvar av regionane Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.

Prosjektet fekk applaus av styret!

**3. Val av medlem til hovudkomiteen for 17. mai-feiring i Sunnfjord**

Vedtak: Unni

**4. Gamlebanken**

Kommunalsjef for Kultur og idrett Hilde Bjørkum ber Sunnfjord kulturråd om uttale om søknad til Sparebankstiftinga. Svein Inge forfattar ein uttale som støtter prosjektet.

**5. Førebuing av årsmøte**

Svein Inge, Leon og Kirsten lager årsmøtedokument før neste styremøte 28. mars.

**6. Diverse**

Det har komme innspel med ynskje om kunstsommarskule for born og unge. Styret drøfta saka:

Forslag om samarbeid med Sogn og Fjordane kunstmuseum, Sunnfjord kunstlag, Ung husflid og Sunnfjord kulturskule. Det bør vere eit godt tiltak for søknad til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sunnfjord kommune. Sunnfjord kunstlag kan stå som eigar av prosjektet. Dette kan vere inkomande sak til årsmøtet.